

UTFYLLANDE REGLAR VED FAKULTET FOR HUMANIORA, SAMFUNNSVITSKAP OG LÆRARUTDANNING TIL FORSKRIFT OM GRADENE PH.D. VED UiT

Fastsett av:	Styret ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning med heimel i forskrift for gradene philosophiae doctor (ph.d.) og philosophiae doctor (ph.d.) i kunstnarisk utviklingsarbeid ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), gjeldande frå 1.1.2023. (Eph. 22/4015-13).		
Ansvarleg eining:	Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning		
Gjeld frå:		Dato:	15.06.2023
Erstattar:	Ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitskap - utfyllande reglar til forskrift for graden ph.d.	Dato: Arkivref.:	09.12.2021 2021/4460-2

Kapittel I. Allmenne føresegner

Verkeområde (jf. forskrifta § 1)

Dei utfyllande reglane gjeld doktorgradsutdanninga ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fakultetet) som fører fram til graden ph.d. i humaniora og samfunnsvitskap. Reglane er utfyllande til forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) og philosophiae (ph.d.) i kunstnarisk utviklingsarbeid ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), om opptak til, gjennomføring og avslutting av ph.d.-graden ved HSL-fakultetet. Forskrift om studier og eksamener ved UiT gjeld for emne i opplæringsdelen av doktorgradsstudiet.

Innhaldet i doktorgradsutdanninga (jf. forskrifta § 4 (3))

Som ledd i å førebu doktorgradskandidaten på ein yrkeskarriere i eller utanfor academia vil fakultetet gi eit seminartilbod med fokus på karriererettleing minst ein gong i opptaksperioden.

Ansvar for doktorgradsutdanninga (jf. forskrifta § 5)

HSL-fakultetet er administrativt ansvarleg for studieprogrammet. Ansvarer er delegert til ph.d.-utvalet som er programstyret for ph.d.-programmet i humaniora og samfunnsvitskap. Mandat og oppgåver for ph.d.-utvalet er nedfelt i reglement for HSL-fakultetet.

For (opptaksregulerte) fagspesifikke ph.d.-emne innan teori og metode/faglege posisjonar og tilnærmingar som institutta/sentra eig, er det administrative ansvaret for behandling av opptak til emna delegert til institutta/sentra, og blir ikkje behandla i ph.d.-utvalet, jf. reglement for fakultetet.

Kapittel II. Opptak

Opptakskrav (jf. forskrifta § 8)

For å bli tatt opp er det krav om eit karaktersnitt på B eller betre på mastergraden (eller tilsvarende gode karakterar etter andre karaktersystem). Karaktersnittet gjeld også for integrerte 5-årige mastergradar på 300 studiepoeng der alle emna skal inngå i berekninga av snittkarakteren. Mastergraden må innehalde eit større skriftleg arbeid (masteroppgåve)¹.

Unntaksvis kan det takast opp kandidatar med karaktersnitt C (karaktersnitt 3,0 eller betre) på mastergraden, eller tilsvarende karaktersnitt etter andre karaktersystem. Då må det samtidig dokumenterast vitskapleg arbeid ut over mastergraden der søkaren er eine- eller hovudforfattar. Eksempel på kva som kan reknast som vitskapleg arbeid, er antatt eller publiserte referee-artiklar, publiserte faglege arbeid, faglege rapportar og utgreiingar².

Søkarar med utanlandsk høgare utdanning skal vurderast i tråd med [lov om universiteter og høyskoler \(uhl.\) § 3-5 \(3\)](#).

Dersom det er lenge sidan mastergraden vart avlagt og søknad om opptak blir fremma (10 år eller meir), bør søkaren vise til eiga interesse for forskning med dokumentasjon av antatt eller publiserte vitskapelege/faglege arbeid ut over mastergraden.

Det er doktorgradsprosjektet sin faglege karakter (metodar, perspektiv, teoriar) som avgjer kva fagmiljø prosjektet høyrer til. Søkaren skal derfor ved opptak ha fagleg tilknytning til det instituttet/senteret som doktorgradsprosjektet fagleg fell innanfor, uavhengig av om det er dette faget søkaren har mastergrad i. Det blir likevel stilt krav til søkaren om å ha fagleg relevant grunnutdanning for ph.d.-prosjektet og at prosjektet fell innanfor eitt eller fleire av fagområda for forskingsgrupper/faggrupper ved fakultetet.

Søknaden (jf. forskriftas § 9)

Når ein søker på stipendiatstilling ved HSL-fakultetet, blir ein samtidig vurdert for opptak til ph.d.-programmet.

For søkarar utan stipendiatstilling ved UiT, det vil seie søkarar med finansiering av studiet gjennom tilsetjing eller tilskot hos ekstern part, vil det bli stilt krav om opphald med arbeidsstad i relevant fagmiljø ved fakultetet på til saman 12 månader i opptaksperioden. Dokumentasjon frå arbeidsgivar som stadfestar tillating til dette må leggst ved søknaden om opptak.

Søknadsfristane til ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitskap er normalt 1. april og 1. oktober. Søknaden skal skrivast på fastsett søknadsskjema.

Dersom søkaren ønsker å bruke eit anna språk i avhandlinga enn dei språka som er godkjende i punkt 19, skal søknad om dette leverast saman med søknad om opptak.

¹ Fortrinnsvis masteroppgåve på minimum 30 stp i 2-årige mastergradar (120 stp.) og 20 stp. oppgåve i 5-årige mastergradar (300 stp.), jf. krava til omfang på masteroppgåva i [forskrift om studier og eksamener ved UiT](#)

² Bloggar, kronikkar, lesarinnlegg og faglege formidlingsarbeid tel i denne samanhengen ikkje som vitskapeleg arbeid.

Vedtak om opptak (jf. forskriftas § 10)

Opptak av eigne stipendiatar ved fakultetet:

Tilsettingsutvalet ved HSL-fakultetet er opptakskomiteé for kandidatar som blir tilsette som stipendiatar ved fakultetet og har mandat til å gjere vedtak om foreløpig opptak til ph.d.-studiet i humaniora og samfunnsvitskap. Kandidaten skal etter tilsetting vidareutvikle prosjektbeskrivinga og prosjektpplanar i samråd med sin(e) rettleiar(ar) slik at dei held god vitskapleg kvalitet og kan godkjennast for eit endeleg opptak i ph.d.-utvalet.

Dersom det er fleire søkarar til ein studieplass (eit doktorgradsstipend), og komiteen innstiller ein eller fleire søkarar vurdert etter unntaksreglane, må det grunnleggjast særskild i vurderinga.

Opptak av stipendiatar tilsette ved andre einingar ved UiT:

For søkarar som blir tilsette som stipendiatar ved andre einingar ved universitetet er det ph.d.-utvalet ved fakultetet som gjer opptak.

Opptak av søkarar med finansiering av studiet gjennom tilsetting hos ekstern part, eller tilskot frå andre:

For søkar om studieplass som ikkje har doktorgradsstipend ved UiT, men kan dokumentere finansiering av forskarutdanninga frå ekstern part, tar fakultetet imot opptakssøknad jamfør punkt 9.

Den faglege vurderinga av opptakssøknaden skal gjennomførast av to sakkunnige etter forslag frå institutta/sentera. Dei sakkunnige skal ha doktorgrad eller tilsvarande kompetanse innan fagfeltet og vere aktive på fagfeltet sitt. Minst ein av dei sakkunnige skal ha erfaring med arbeid på ph.d.-nivå. Basert på rapporten frå dei sakkunnige skal institutta/sentra ta nærare stilling til om søkaren skal innstillast for opptak. Dei skal vurdere søkaren sitt forskingsprosjekt sett i samanheng med forskingsaktivitet og -strategiar på eiga eining, og intern rettleiingskompetanse. Dersom opptak blir anbefalt, skal instituttet/senteret gjennomføre intervju med søkaren som ledd i prosessen med å vurdere han/ho for opptak til programmet. Ein rapport frå intervjuet skal følge med vurderinga av opptakssøknaden. Ved anbefaling av opptak skal instituttet/senteret foreslå minst to rettleiarar, og opplyse om fordeling av rettleiingsressursen (240 timar). Etter innstilling frå den aktuelle eininga tar ph.d.-utvalet ved fakultetet endeleg avgjerd om opptak.

Eit vilkår for opptak er at søkar skal ha arbeidsplass i relevant fagmiljø ved fakultetet i til saman 12 månadar i løpet av opptaksperioden.

Doktorgradsavtalen (jf. forskriftas § 11)

UiT følger Universitets- og høgskolerådet (UHR) sine anbefalingar om felles praksis for kostnadsberekning for rettleiing og opphald ved gradgivande institusjonar for doktorgradskandidatar med ekstern arbeidsgivar eller tilskott frå andre. For kandidatar med finansiering av studiet frå, tilsetting hos eller andre tilskot frå ein ekstern part skal det derfor i avtalen mellom fakultetet, ekstern part, og kandidaten (del C av opptaksavtalen) avtalast betaling for indirekte kostnader for 12 månaders opphald ved fakultetet, og betaling for halvparten av timeressursen for rettleiing som tilsette ved UiT stiller med. Det kan også krevjast betaling for eventuelle leigestadkostnader og anna betaling.

Opptak til enkeltemne på doktorgradsnivå (jf. forskrifta § 12)

Søkarar med erfaringsbasert mastergrad (90 eller 120 studiepoeng) kvalifiserer ikkje for opptak til ph.d.-emne.

Kategoriar for opptak til ph.d.-emne (8000-emne):

- kategori 1: doktorgradskandidatar med opptak til eit av UiT sine ph.d.-program
- kategori 2: doktorgradskandidatar frå andre universitet
- kategori 3: personar med minimum mastergrad eller tilsvarende grad på same nivå og som ikkje er tatt opp til doktorgradsstudium
- kategori 4: forskarlinjestudentar ved UiT og ved andre universitet

Dersom det er fleire kvalifiserte søkarar enn det er plassar på eit emne, skal dei prioriterast i rekkefølga kategori 1–4, med mindre emnet er lyst ut med ei anna prioritering.

Kapittel III. Gjennomføring

Studierett (jf. forskrifta § 13)

Dersom studieretten er utvida utover den fastsette avtaleperioden, jamfør § 13 (1) eller (3), og kandidaten ikkje vil klare å levere avhandlinga før denne studieretten går ut, kan det søkast om ytterlegare forlenga studierett for ein avgrensa periode på opptil 6 månader for å ferdigstille avhandlinga. Søknaden skal sendast til fakultetet og må innehalde ei grunngjeving for forseinkinga og ein plan for avslutting av studiet. Ein slik søknad skal vere utarbeidd i samarbeid med rettleiar(ar) og må sendast inn før studieretten løper ut.

Doktorgradskandidatar kan søke permisjonar ut over § 13 (7) i forskrifta for ph.d.-gradane (og § 49 i forskrift om studier og eksamenar ved UiT). Stipendiatar er også omfatta av reglane for [permisjonar § 2-3 i nasjonal forskrift om ansettelsesvilkår for tilsetting i stillingar som postdoktor, stipendiat, vitskapleg assistent og spesialistkandidat](#). Søknaden skal sendast til fakultetet og må innehalde ei grunngjeving for permisjonen og ein plan for kva innverknad denne har på studiet.

Opplæringsdelen – formål og innhald (jf. forskriftas § 14)

Fakultetet har det formelle ansvaret for utdanningstilbodet i opplæringsdelen, og dei einskilte undervisningstiltaka blir godkjende av ph.d.-utvalet.

Fakultetet tilbyr ph.d.-emne innan vitskapsteori, forskingsetikk og formidling som tilfredsstillar krava i opplæringsdelen. Desse emna blir arrangerte kvart år. Fagspesifikke ph.d.-emne i teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar blir gitt av institutta/sentera og varierer frå år til år.

Ph.d.-kandidaten kan delta på ph.d.-emne arrangert av fakultetet eller andre fakultet/institusjonar. Det er tilrådeleg at ph.d.-kandidaten deltar på emne i regi av nasjonale forskarskolar og ved andre institusjonar. Opplæringsdelen bør gjennomførast i løpet av dei første to–tre semestera av doktorgradsstudiet og vere godkjend av fakultetet før studieretten løper ut.

Ph.d.-utvalet skal godkjenne opplæringsdelen før avhandlinga kan leverast til vurdering.

Opplæringsdelen omfattar desse komponentane:

- vitskapsteori og forskningsetikk (totalt 10 studiepoeng)
- formidling (3–5 studiepoeng)
- fagspesifikk teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar. Generiske emne på inntil 2 studiepoeng (15–17 studiepoeng)

Krav til dokumentasjon for godkjenning av opplæringsdel

Krav til dokumentasjon for å få ph.d.-emne (som er fastsette med studiepoeng) godkjende inn i opplæringsdelen:

- lokale, nasjonale eller internasjonale ph.d.-emne (doktorgradskurs) med studiepoeng blir vanlegvis godkjende med opplyst studiepoengomfang
- godkjend deltaking/paper/eksamen skal dokumenterast med karakterutskrift, kursbevis eller liknande

Krav til dokumentasjon for å få spesialpensum godkjent som ph.d.-emne med studiepoeng og innpassa i opplæringsdelen:

Dersom tilbodet av fagspesifikke ph.d.-emne og forskarkurs innan relevant teori/metode/faglege tilnærmingar og posisjonar for kandidaten sitt ph.d.-prosjekt er lite, kan det leggst opp eit spesialpensum. For å få godkjend spesialpensumet med 5 studiepoeng må instituttet/senteret i samråd med rettleiar utarbeide ei emnebeskriving, legge opp vitskapeleg faglitteratur og arrangere arbeidskrav/prøve(r) (skriftlege eller munnlege) med eit omfang på 150 arbeidstimar for kandidaten. Til søknad om godkjenning av spesialpensum skal kandidaten legge ved følgande dokumentasjon: emnebeskriving, litteraturliste over lese pensum (150-500 sider), og kopi av gjennomført arbeidskrav og prøva(r).

Krav til dokumentasjon for at konferansedeltaking skal gi utteljing med studiepoeng:

- Det skal vere ein vitskapeleg eller fagleg konferanse: Det vil seie at tema på konferansen er vitskapeleg, og at foredragshaldarar er forskarar. Innhaldet i konferansen må vere relevant for det aktuelle området innanfor opplæringsdelen; fagspesifikk teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar.
- *Modell 1:* For å gi 3 studiepoeng må konferansen minimum strekke seg over 2 dagar og kandidaten må ha hatt eit framlegg på minimum 15 minutt. Arbeidsomfanget skal vere 90 arbeidstimar.
- *Modell 2:* For å gi 5 studiepoeng må konferansen strekke seg over 2 dagar og kandidaten må ha hatt eit framlegg på minimum 20 minutt. Arbeidsomfanget skal vere 150 arbeidstimar.
- Dokumentasjon på deltaking og innlegg på konferansen må leggst ved søknaden, for eksempel i form av deltakarliste og konferanseprogram. Kandidaten sitt innlegg på konferansen må dokumenterast i form av eit tekstmanus eller tilsvarande.
- Deltaking på konferanse med kortare tidslengd, eller deltaking utan framlegg, blir ikkje godkjend.
- Det er berre mogleg å få ei konferansedeltaking godkjend i opplæringsdelen.

Oppretting og innmelding av ph.d.-emne

Eitt studiepoeng tilsvara 25–30 arbeidstimar. For kvart emne må det gjerast ei vurdering av arbeidsmengda som ein går ut frå at kandidaten vil bruke på emnet sine ulike komponentar: Lesing av pensum, førebuing av plikter på kurset (som for eksempel å planlegge innlevering av skisse eller liknande i forkant av kurset, planlegge presentasjonar, lesing av skriftlege innlegg frå medstudentar), oppmøte på emnet, etterarbeid og eksamen. Oppretting av mindre emneiningar enn 5 studiepoeng er ikkje tilrådd av omsyn til kandidaten sin samla arbeidsbyrde. Vidare bør det ikkje etablerast store emneiningar på 10 studiepoeng fordi det gir færre kombinasjonsmoglegheiter innan bolken ‘fagspesifikk teori og metode/faglege tilnærmingar og posisjonar’.

Følgande minimumskrav må innfriast for at eit ph.d.-emne skal godkjennast med eit omfang på 5 studiepoeng:

- Emnet blir arrangert over minimum to heile dagar.
- Undervisninga skal vere på minimum 15 timar. Det bli oppmoda til å aktivisere kandidatane, men omfattande studentarbeid i emnet bør kome i tillegg til ordinær undervisning.
- Eksamensforma bør gi kandidaten øving i sjangrar som ofte blir nytta innan forskning og formidling i faget. Eksempel kan vere vitenskapleg artikkel, review-artikkel, bokmelding, kronikk, blogg, refleksjonslogg. Det er viktig at eksamensforma er tilpassa sjanger og innhald i emnet.
- Lengda på eksamenen vil variere avhengig av sjanger, men for paper skal det normalt vere ca. 15 sider/6 000 ord.
- Litteraturomfanget kan variere, men bør minimum vere 700 sider. Eit ph.d.-emne med mindre litteraturomfang kan godkjennast dersom det er særskilt grunngitt.
- Fagleg ansvarleg skal minimum ha doktorgrad/førstestillingskompetanse.

Institutta/sentera blir ein gong årleg bedne om å melde inn ph.d.-emne som skal tilbydast kommande studieår (haust-/vårsemester) til fakultetet.

Oppnemning av rettleiarar (jf. forskriftas § 15-1)

Rettlearane skal ha doktorgrad eller tilsvarende kompetanse innan fagfeltet og vere aktive på fagfeltet sitt. ‘Tilsvarende kompetanse’ menas i denne samanhengen som ‘likeverdig vitenskapelig kompetanse’. Dosent og førstelektor har eigne kompetansekrav med vekt på pedagogisk utviklingsarbeid og reknast ikkje for å ha likeverdig vitenskapelig kompetanse og same føresetnad til å rettleie doktorgradskandidatar som det førsteamanuensis og professor har. Dosent og førstelektor utan doktorgrad kan difor ikkje oppnamnas som rettleiarar for doktorgradskandidatar.

Hovudrettleararen skal ha erfaring frå eller opplæring som rettleiar for doktorgradskandidatar. Begge rettleiarane skal gjennomføre obligatorisk kurs i forskingsrettleiing om dei ikkje har slikt kurs frå tidlegare, eller dersom det er meir enn 10 år sidan slikt kurs ble gjennomført.

I samband med søknad om opptak kan søkaren sjølv føreslå rettleiarar, men det er fakultetet som oppnemner rettleiarar etter innstilling frå gjeldande institutt eller senter. Det skal vere minimum to rettleiarar der minst ein av dei skal vere tilsett i fagmiljø relevant for kandidaten sitt ph.d.-prosjekt, anten ved institutt eller senter ved fakultetet. Det er 240 timar rettleiingsressurs per doktorgradskandidat, og denne ressursen skal fordelast etter avtale mellom rettleiarane.

Dersom ein kandidat ønsker å skifte rettleiar(ar), skal ein grunngjeven søknad om dette rettast til instituttet/senteret og/eller ph.d.-utvalet. Dersom ein ønsker å skifte rettleiar fleire gonger, skal det saman med søknaden ligge føre ein detaljert plan over korleis den perioden som står att skal brukast.

Framdriftsrapportering (jf. forskriftas § 16)

Doktorgradskandidatar og rettleiarar skal kvart år levere framdriftsrapport. Kandidaten kan, men er ikkje pliktig til å levere framdriftsrapport det året han/ho får midtvegsevaluering.

Med utgangspunkt i framdriftsrapporten (og rapportar frå midtvegsevalueringa) skal instituttet gjennomføre årleg forskarsamtale med kandidaten. Instituttet lagar ein instituttrapport som blir behandla i ph.d.-utvalet.

Midtvegsevaluering (jf. forskriftas § 17)

HSL-fakultetet skal ha ein felles rutine for gjennomføring av midtvegsevaluering for kvar ph.d.-student. Gjennomføring av midtvegsevalueringa skal organiserast av institutta/sentera. Midtvegsevaluering er obligatorisk arbeidskrav for alle doktorgradskandidatar med opptak til ph.d.-programmet og må vere godkjend før kandidaten kan framstille seg for prøven (prøveforelesing og disputas).

Midtvegsevalueringa bør gjennomførast i 3. semester for kandidatar på 3-årige opptaksavtalar og i 4. semester for kandidatar på 4-årig opptaksavtaler, og skal vere gjennomført seinast innan to år ut i kandidatens studieløp.

Midtvegsevalueringa skal vere ein obligatorisk milepåle i studieløpet og skal fastsettast i prosjektplanen til avtalen for ph.d.-studiet. Tidspunktet skal ikkje vere tilpassa studentens progresjon med mindre spesielle forhold (sjukdom, permisjonar) tilseier utsetting. Ut over dette er det ikkje mogleg å utsette midtvegsevalueringa.

I det skriftlege underlaget for evalueringa skal det inngå tekstutkast til doktoravhandlinga; kopi av opptaksavtalen, prosjektbeskriving og prosjektets planar (frå opptakstidspunktet), oppdatert databehandlingsplan, og anna materiale. Midtvegsevalueringa skal både ta for seg framdrifta i ph.d.-studiet med tanke på gjennomføring på normert tid og gi kandidaten (og rettleiarar) konstruktiv fagleg tilbakemelding på innlevert materiale som kandidaten kan ta med seg i det vidare doktorgradsarbeidet. Databehandlingsplanen skal vere eitt av momenta i evalueringa. Komiteen skal bestå av minst to medlemmer. Minst ein medlem bør vere utan tilknytning til kandidatens institutt/senter eller nærmaste fagmiljø.

Dersom konklusjonen er forseinka progresjon i studiet etter midtvegsevalueringa, skal instituttet sette i verk tiltak for å bøte på situasjonen. Dersom konklusjonen etter midtvegsevalueringa er at prosjektet ikkje vil kunne gjennomførast i løpet av gjenstående periode med finansiering for studiet, skal fakultetet varslast og vurdere saka i tråd med forskriftas § 22-2.

Det er valfritt for institutta/sentera om dei i tillegg vil gi fleire tilbod, for eksempel ei sluttevaluering.

Nærmare om krava til avhandlinga (jf. forskriftas § 18-1)

Ein monografi skal normalt ikkje vere lengre enn 300 sider. Doktorgradskandidaten skal vere eineforfattar på avhandlinga.

Ei artikkelsamling skal bestå av eit samandrag (ei ‘kappe’) og minst tre artiklar av vanleg størrelse. Samandraget skal normalt vere mellom 40 og 80 sider og skal vere utforma av kandidaten åleine.

Når artiklar i ei artikkelsamling har fleire forfattarar, kan det vere grunn til å utvide talet på artiklar. Artiklane skal ha eit nivå tilsvarande det som er kravd for publisering i anerkjente fagtidsskrift med fagfellevurdering. Dette gjeld også bokkapittel.

I kapp skal kandidaten ikkje berre samanfatte, men også framstille problemstillingane og konklusjonane som er lagde fram i delarbeida i eit samla perspektiv, og på den måten dokumentere samanhengen i avhandlinga. I dette ligg også ei klargjering av avhandlinga sitt bidrag til det forskingsfeltet ho er posisjonert innanfor. I kapp skal kandidaten også gjere greie for metode- og teoribruk i avhandlinga dersom dette ikkje går fram av delarbeida. Ved tidlegare publiserte artiklar skal kapp også innehalde faglege ajourføringar, slik at avhandlinga som heilskap står fram som fagleg oppdatert. Alternativt skal slike ajourføringar gjerast i kvar artikkel.

Avhandlinga skal følge forskningsetiske reglar og konvensjonar for fagleg kvalitetssikring av forskning. Ved artiklar med fleire forfattarar skal Vancouver-reglane leggst til grunn. Dersom det er avvik frå Vancouver-reglane, skal årsaka til dette beskrivast i erklæring om medforfatterskap.

Avhandlingsspråk:

Avhandlinga skal skrivast på norsk, svensk, dansk, engelsk eller samisk. Dersom kandidaten ønsker å nytte eit anna språk, skal det vere søkt om særskilt godkjenning av dette ved opptak, jf. punkt 8. Avhandlinga skal innehalde eit samandrag på både norsk og engelsk.

Avhandlingar som inkluderer film / audiovisuelt materiale / andre medium:

Ei avhandling kan også inkludere film, audiovisuelt materiale eller anna medium. Slikt materiale kan vere vedlegg/appendiks til avhandlinga. Det må gjerast tydeleg korleis materialet skal bli sett i samheng med avhandlinga. Dersom ikkje dette kjem klart fram av sjølve avhandlinga, kan det vere utdjupa i eit vedlagt skriv til avhandlinga.

Ein vitskapeleg antropologisk film kan reknast som sidestilt med vitskapeleg artikkel og erstatte ein av dei tre artiklane i ei artikkelsamling etter gitte kriterium:

- filmen er fagfellevurdert og antatt for, eller publisert i, godkjend publiseringskanal
- filmen har oppført forfattar- og institusjonstilknytning
- filmen er registrert og rapportert i Cristin som ‘vitskapeleg artikkel’ og ikkje film

Det må gjerast tydeleg i samandraget (‘kappa’) korleis filmen skal er sett i samheng med dei andre delane av avhandlinga.

Offentleggjering og tilgjengelegheit (jf. forskriftas § 19)

Avhandlinga skal vere offentleg tilgjengeleg i UiTs opne vitearkiv Munin seinast to veker før disputasdato.

Kapittel IV. Fullføring

Innlevering (jf. forskrifta § 23)

Hovudrettleiar skal melde frå om at ei innlevering snart er venta til fakultetet og instituttleiinga seinast to (2) månader før planlagt innleveringstidspunkt.

Studenten sin søknad om å få avhandlinga vurdert til graden philosophiae doctor skal sendast til fakultetet via elektronisk innleveringsskjema i Munin (UiTs ope vitearkiv), der avhandlinga skal leggst ved i pdf-format. Saman med søknaden skal det leggst ved eit kortfatta samandrag på både norsk og engelsk. Avhandlinga blir sendt elektronisk til komiteen. Dersom avhandlinga blir godkjend til disputas, skal 37 eksemplar av avhandlinga trykkast opp. 6 eksemplar skal takast av til Nasjonalbiblioteket, universitetets utlånsavdeling mfl., mens resten skal leggst ut til publikum på prøveforelesinga og disputasen.

Oppnemning av bedømmingskomité (jf. forskriftas § 24)

Til å vurdere avhandlinga skal ph.d.-utvalet foreta oppnemning av ein sakkunnig komité på minst tre medlemmer etter krav i § 24. Gjeldande institutt/senter grunngjev forslag til komitésamansettinga. Bedømmingskomiteen bør vere oppnemnd før innlevering av avhandlinga.

Bedømmingskomiteens innstilling (jf. forskriftas § 26)

Komiteen bør levere innstillinga snarast råd; helst innan to månader etter mottatt avhandling.

Fakultetet si behandling av innstillinga (jf. forskriftas § 26-1)

I tilfelle der komiteen har tilrådd at kandidaten skal få høve til mindre omarbeiding av avhandlinga før endeleg innstilling (§ 26-1 (3) og (4)), og fakultetet tar tilrådinga til følge (§ 26-1 (5)), fastset fakultetet ein frist innanfor 3 månadar, rekna frå vedtaksdato. Slik omarbeiding er å rekne for del av kandidatens første eksamensforsøk. Dersom kandidaten ikkje leverer avhandlinga innan oppgitt frist, eller trekker seg frå eksamensforsøket, blir avhandlinga rekna som underkjend. Kandidaten får då levere avhandlinga inn til ny vurdering ein gong (andre gongs eksamensforsøk), og tidlegast seks månader rekna frå vedtaksdato (i saka med komiteen si innstilling om mindre omarbeidingar).

Prøveforelesing for ph.d.-graden (jf. forskriftas § 27)

Kandidaten skal halde ei offentleg prøveforelesing over oppgitt emne. Prøveforelesinga skal ha eit omfang på 45 minutt. Prøveforelesing og disputas skal normalt avviklast same dag.

Forsvar av doktorgradsarbeidet (Disputas) (jf. forskriftas § 28)

Disputasen blir leidd av instituttleiaren/senterleiaren eller den han/ho gir fullmakt. Den som leier disputasen gjer kort greie for innleveringa, for vurderinga av avhandlinga og for prøveforelesinga.

Deretter gjer doktoranden greie for siktemålet med og resultatet av den vitenskaplege undersøkinga. Lengda på doktoranden sin presentasjon skal ha eit omfang på omtrent 15 minutt. Første ordinære opponent innleier diskusjonen, lengda på diskusjonen er inntil 1½ time. Andre opponent avsluttar disputasen. Lengda på diskusjonen er inntil 1 time.